



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	kantina, Kommunehuset
Dato:	15.04.2013
Tid:	12:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 13/16	Referatsaker	
PS 13/17	Midsund Slekt- og historielag - tilskot	2013/144
PS 13/18	Kjøp av brannpumpe - Budsjettendring 2013 - prosjekt 440 Kart og 450 Brann	2013/185

Midsund, 08.04.2013

Einar Øien
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 13/16 Referatsaker



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2013/144-1
Arkiv: 223
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 14.03.2013

Saksframlegg

Midsund Slekt- og historielag - tilskot

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/3	Oppvekst- og kulturutval	19.03.2013
13/17	Formannskapet	15.04.2013

Forslag til vedtak:

Midsund slekt- og historielag får eit tilskot på kroner 15000,-. Tilskotet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 19.03.2013

Midsund slekt- og historielag får eit tilskot på kroner 15000,-. Tilskotet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Saksutgreiing:

Midsund slekt- og historielag driv eit særst viktig og godt arbeide. I mange år har dei samla inn og registrert gamle ting og gjenstandar, inkl bilete. Laget driftar og Fredheim som er laget sine lokale.

Av økonomiske grunnar fall det årlege tilskotet bort. Rådmann og andre har fått spørsmål om kommunen ikkje kan løyve midlar til dette prosjektet.

Vurdering:

Saka vart drøfta i formannskapet måndag 11.mars. Rådmannen lagar difor ei lita sak og foreslår at MSHL får eit tilskot på kroner 15.000,-. Kommunen bør gi dette laget eit årleg fast beløp. Dette må inn i komande budsjett og økonomiplan.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Disposisjonsfondet vert redusert med kr 15.000,-

Ketil Ugelvik
Rådmann

Vedlegg (prenta):**Vedlegg (uprenta):****Særutskrift går til:**

Midsund Slekt- og historielag v/Kjell Magerøy 6475 Midsund



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2013/185-1

Arkiv:

Saksbeh: Inge Rakvåg

Dato: 04.04.2013

Saksframlegg

Kjøp av ny brannpumpe -Budsjettendring 2013 - prosjekt 440 Kart og 450 Brann

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/18	Formannskapet	15.04.2013
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommune kjøper ny brannpumpe til kr. 120.000,-
2. Finansiering, investeringsbudsjett:
Midsund kommunestyre budsjettregulerar prosjekt 440 Digitale Kart ned med kr. 120.000- og prosjekt 450 Brannvesen – utstyr opp med kr. 120.000-.

Saksutgreiing:

Under brannsløkking i Orvika den 24.03.12 fekk vi motorhavari på vår brannpumpe. Brannpumpa var frå 1997. Molde brannvesen har sett på pumpa og stadfesta at det ikkje let seg gjere å reparere den. For tida leier vi ei brannpumpe frå Molde brannvesen. Brannpumpa er ei berbar Pumpe som står på ein tilhengar. Dette er ei brannpumpe som brann har behov for til kvar tid. Ny tilsvarende brannpumpe blir kr. 120.000.

Vurdering:

Midsund brann og redning ber om å få tilført kr. 120.000 til kjøp av ei tilsvarende brannpumpe. Ser at ein kan redusere budsjettet på prosjekt 440 Digitale Kart med tilsvarende.

Budsjett:

Prosjekt	Budsjett 20 13	Revidert budsjett
440 Digitale Kart	300.000	180.000
450 Brannvesen - utstyr	0	120.000
Sum	300.000	300.000

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen konsekvensar for totalramma på investeringar

Ketil Ugelvik
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Ingen

Vedlegg (uprenta): mappe

Særutskrift går til: teknisk